



Arkivnr: 2015/11453-185

Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Styret for Fagskolen i Hordaland		10.05.2019

Høyringsfråsegn om endringar i "forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning"**Samandrag**

Kunnskapsdepartementet har sendt ny «forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning» på høyring med frist 7. juni 2019. Forskrifta omhandlar mellom anna føresegner om opptak, skikkavurdering og treårig fagskuleutdanning, og er ei del av oppfølginga av Meld. St. 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden* og fagskulelova. I den nye forskrifta vidareførast dagens forskrift om «høyere yrkesfaglig utdanning» med justeringar, i tillegg til at føresegner frå «studiekvalitetsforskrifta» om kvalitetssikring av fagskuleutdanning vert overført til den nye forskrifta med justeringar. Departementet vil samle dei fleste føresegner som er heimla i «lov om høyere yrkesfaglig utdanning» til denne forskrifta. Forskrifta som er på høyring er i all hovudsak enkel å lese og klargjerande i høve til mellom anna sakshandsaming av politiattest og skikkavurdering. Likevel er det nokre tilhøve knytt til føresegner om opptak og nasjonal klagenemnd som er uklare.

Forslag til vedtak

Styret for Fagskolen i Hordaland gjev høyringsfråsegn til ny «forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning» slik det kjem fram av saka.

Bjørn Lyngedal
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
sekjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg**1 Høyringsnotat**

Fylkesrådmannen, 15.04.2019

Kunnskapsdepartementet har sendt ny «forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning» på høyring med frist 7. juni 2019. Kunnskapsdepartementet har også invitert til seminar for fagskulesektoren 15. mai 2019 for å informere om og svare på spørsmål om forslaget.

Forskrifta omhandlar mellom anna føresegner om opptak, skikkavurdering og treårig fagskuleutdanning, og er ei del av oppfølginga av Meld. St. 9 (2016-2017) *Fagfolk for fremtiden* og fagskulelova. I den nye forskriften videreførast dagens forskrift om «høyere yrkesfaglig utdanning» med justeringar, i tillegg til at føresegner frå «studiekvalitetsforskrifta» om kvalitetssikring av fagskuleutdanning vert overført til den nye forskriften med justeringar. Departementet vil samle dei fleste føresegner som er heimla i «lov om høyere yrkesfaglig utdanning» til denne forskriften.

Fagskulelova § 44 gir heimel til å vidareføre dagens forskrifter fram til 31. desember 2019, og såleis må også lokale forskrifter, som «forskrift for Fagskolen i Hordaland», vere endra og fastsett innan denne fristen.

Reglar om fastsetting av mellom anna forskrifter og høyring i forvaltningsloven kap. VII gjeld ved endring av forskrifter, og alle endringar som forandrar innhaldet skal sendast på høyring til dei som er omfatta av endringane. For den einskilde fagskule vil dette i første omgang gjelde studentar ved fagskulen, men kan også gjelde andre grupper, og dette må fagskulane vurdera sjølv. Føresegner om opptak skal til dømes sendast på høyring til Direktoratet for IKT og fellesjenester i høyere utdanning og forskning (Unit).

Forskrifta som er på høyring er i all hovudsak enkel å lese og klargjerande i høve til mellom anna sakshandsaming av politiattest og skikkavurdering. Dette er noko fagskulesektoren har ønskt seg. Likevel er det nokre tilhøve knytt til føresegner om opptak og nasjonal klagenemnd som er uklare. Vidare vert innhaldet i dei mest sentrale kapitla i den nye forskriften omtalt kort under.

Kapittel 2 Opptakskrav

Kapittel 2 om opptakskrav har som føremål å etablere nasjonale føresegner om opptak i samband med overgang til Samordna opptak. Føresegne om opptak vil gjelde for både private og offentlege fagskular, men det er ikkje krav til private fagskular at dei skal vere ein del av Samordna opptak slik det er for dei offentlege fagskulane. Opptak til ein skilde utdanningar ved offentlege fagskular kan handterast lokalt dersom det til dømes er avvikande opptakstidspunkt og start ved utdanninga. I den nye forskriften er det også føreslått ein paragraf om opptak på vilkår og ein om reservasjon av studieplass. Opptak på vilkår kan til dømes gjelde dei som skal gjennomføre fagprøve på hausten, og såleis ikkje fyller opptakskravet innan søknadsfristen 15. april. Desse kan få opptak på vilkår av at fagprøven er bestått i løpet av hausten fyrste semester. Denne regelen vert praktisert i dag, men det er noko ulike fristar for når ei fagprøve må vere bestått. Føresegner om reservasjon av studieplass regulerer rettar knytt til utsetting av oppstart med eitt år på bakgrunn av til dømes sjukdom, svangerskap eller verneplikt og er ein ny regel. Det er også føreslått føresegner som gjer at styret for fagskulen kan vedta spesielle opptakskrav som mellom anna opptak med karakterkrav, krav til autorisasjon eller opptak på bakgrunn av ei anna fagskuleutdanning.

I departementet sitt høyringsnotat vert det spesielt bedt om innspel til ny føresegn (§ 7) om unntak for kunstfaglege utdanningar i høve til alderskrav når det vert gjort opptak på bakgrunn av realkompetansevurdering. I fagskulelova er det krav til at dei som søker opptak på bakgrunn av realkompetanse må vere 23 år eller eldre i opptaksåret; ved kunstfaglege utdanningar er alderskravet sett til 19 år i opptaksåret. I forskriften vert det føreslått at dette unntaket berre kan gjelde for inntil 10 prosent av tilboda om studieplass ved den aktuelle utdanninga. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vil tilrå at styret støttar dette forslaget fordi det støtter oppunder krav til at ei fagskuleutdanning skal ligge på nivået over vidaregåande utdanning. Dersom ei fagskuleutdanning har ein stor del studentar som er under 23 år som er vurdert som kvalifisert på bakgrunn av realkompetanse kan det tenkast at utdanninga bør vere på eit lågare nivå jf. Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk.

Kapittel 3 Rangering ved opptak

Kapittel 3 om rangering ved opptak har også som føremål å etablere nasjonale føresegner. Reglane om rangering som er føreslått i den nye forskrifa er noko annleis enn dei offentlege fagskulane har i dag i høve til poengbereking gjennom Nasjonalt opptakskontor for fagskolen, men forslaga er gode og tydelege. Dei nye føresegne om rangering skil seg frå dagens poengbereking ved mellom anna å sette ei grense for kor mange år ein kan samle poeng for praksis (inntil 10 poeng), og at det ikkje vert gjort kvotering på kjønn ved lik poengsum. I staden for kjønn vert det nytta alder for å rangere fordi det er meir sannsynleg at det er fleire med lik poengsum av same kjønn enn at det er fleire med lik poengsum som er født same dag.

Kapittel 4 om politiattest kapittel 5 om skikkavurdering

Kapittel 4 om politiattest ved opptak til fagskuleutdanning er klargjerande, og gjev fagskulane gode retningsliner for vurdering av om ei utdanning skal ha krav til politiattest og om sakshandsaminga av politiattestar med merknad. Kapittel 5 om skikkavurdering er også klargjerande i høve til tidlegare, men ikkje like tydeleg som reglane om politiattest. Skikkavurdering skal gjerast ved alle utdanningar der studentar kan gjere ein fare for liv, fysisk og/eller psykisk helse, rettar og tryggleik til barn, unge eller vaksne i sårbare situasjonar. Skikkavurdering skal gjerast fortløpande av alle studentar ved fagskuleutdanningar som er regulert av desse føresegne. Fagskulane må sjølv vurdere kva utdanningar reglar om skikkavurdering skal gjelde. Ved t.d. skipsførarutdanning er det eiga spesiallovgjeving som regulerer krav til å vere medisinsk skikka, og dekksoffisersutdanninga ved fagskulane er såleis ikkje regulert av forskrifa si § 27 om skikkavurdering.

Dersom ein student vert vurdert som ikkje skikka og styret eller den lokale klagenemnda vedtek at studenten vert utestengt frå utdanninga, kan ikkje denne studenten søkje opptak på tilsvarende utdanningar ved andre fagskulor eller ved andre høgare utdanningsinstitusjonar. Departementet vil vidare vurdera om det skal gjerast ei endring i fagskulelova slik at vedtak om utestenging på bakgrunn av ei skikkavurdering kan registrerast i eit nasjonalt register.

Døme på tilhøve som ikkje er heilt tydeleg i forskrifa angåande skikkavurdering er at det jf. høyringsnotatet berre skal vere éi nemnd ved ein fagskule, men dette kjem ikkje tydeleg fram av lovteksten. Vidare er det i forskriftas krav til samansettning av skikkanemnd nytta om lag same krav som for universitet- og høgskulesektoren i høve til stillingsfunksjonar. Til dømes vert omgrepene studieleiar eller tilsvarande funksjon nytta, og det er noko uklart kva funksjon dette er ved ein fagskule.

På bakgrunn av forslaget til forskrift vil det vere krav til at fagskulane skal ha ein tilsett som er ansvarleg for skikkavurderingar, og som førebur innstilling til skikkanemnd. I skikkanemnd er det krav til at éitt medlem skal ha master i rettsvitenskap. Ein fagskule kan ha felles skikkanemnd med andre fagskulor. Departementet peikar på at dette kan gjøre det mindre ressurskrevjande. Administrasjonen ved opplæringsavdelinga vurderer det ikkje som mindre ressurskrevjande for Fagskolen i Hordaland å dele verken skikkanemnd eller lokal klagenemnd med andre fagskulor. For små fagskulor vil det vere praktisk å ha felles skikkanemnd og lokal klagenemnd fordi det gjerne er få slike saker og mindre administrativt krevjande å dele nemnd enn å administrere ei sjølv. Ved ein stor fagskule med mange studentar vert sakshandsamingsmengda større og meir krevjande.

Kapittel 7 Nasjonal klagenemnd for fagskuleutdanning

Nasjonal klagenemnd for fagskuleutdanning skal handsama klager på enkeltvedtak fatta av styret ved fagskulen eller den lokale klagenemnda, t.d. vedtak om bortvising og utestenging. Det som er nytt i forslaget til ny forskrift er at nemnda også skal handsame klager på opptaket. I høyringsnotatet skriv departementet at dette ikkje gjeld klage på opptak med realkompetanse eller på opptak med spesielle opptakskrav. Fagskulane må handtere desse klagene sjølv ved lokal klagenemnd. Forslaget er bra, og sjølve § 43 om nemndas virkeområde (punkt b) er tydeleg i høve til kva saker den nasjonale klagenemnda skal handsame. I punkt a i denne paragrafen er det gjort ein feil i referansen til annan paragraf, og dette vert føreslått peikt på i styret sin høyringsuttale.

På bakgrunn av gjennomgangen av forslaget til «forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning» vert det vidare føreslått ei høyringsfråsegn frå styret ved Fagskolen i Hordaland.

Høyringsfråsegn

Styret for Fagskolen i Hordaland vil trekke fram at forslag til «forskrift om høyere yrkesfaglig utdanning» i hovudsak er klargjerande med godt språk som gjer forskrifa lettles. Vidare vil styret støtte departementet sitt forslag, men med følgjande kommentarar:

§ 7 om unntak for kunstfaglege utdanningar

Departementet ber om særleg innspel i høve til § 7 om unntak for kunstfaglege utdanningar. Styret for Fagskolen i Hordaland støttar forslag til føresegn om at unntak frå alderskravet på 23 år kan gjelde for inntil 10 prosent av tilboda om studieplass. Dette er i tråd med fagskulelova sin intensjon om at fagskuleutdanning skal vere på nivå over vidaregående utdanning eller tilsvarende realkompetanse.

Nasjonal klagenemnd § 43

§ 43 (b) er klargjerande i høve til kva saker den nasjonale klagenemnda skal handsome, men det kan sjå ut som det er sett inn feil referanse i punkt a som mellom anna viser til spesielle opptakskrav. Styret for Fagskolen i Hordaland vil tilrå følgjande endring:

Opphaveleg tekst:

§ 43 Virkeområde

Klagenemndas oppgave er å behandle klager over enkeltvedtak truffet med hjemmel i:

- a) fagskoleloven § 16 om opptak gjennom samordnet opptak, unntatt fagskolenes opptaksvedtak om realkompetanse jf. § 6 første ledd eller spesielle opptakskrav jf. § 6 andre ledd

Ny tekst:

§ 43 Virkeområde

Klagenemndas oppgave er å behandle klager over enkeltvedtak truffet med hjemmel i:

- a) fagskoleloven § 16 om opptak gjennom samordnet opptak, unntatt fagskolenes opptaksvedtak om realkompetanse jf. § 6 første ledd eller spesielle opptakskrav jf. § 6 femte og sjette ledd i denne forskriften.

Skikkavurdering

I høyringsnotatet kjem det fram at det berre skal vere éi nemnd ved kvar fagskule. Dette er ikkje like klart i forslaget til fagskuleforskrifta, og styret ved Fagskolen i Hordaland vil tilrå at dette vert klargjort i forskrifta.

Vidare vil styret støtte forslaget om at det vert gjort endring i fagskulelova slik at fagskulane kan melde inn i eit register dersom ein student vert utestengt frå ei fagskuleutdanning på bakgrunn av ei skikkavurdering.

Økonomiske konsekvensar

Styret for Fagskolen i Hordaland har i tidlegare uttale i samband med høyring om ny fagskulelov meldt om uro for dei økonomiske konsekvensane knytt til nye føresegner om klagehandsaming, politiattest og skikkavurdering. Styret støttar sjølv sagt fullt ut å styrke studentane sine rettar gjennom eit tydeleg lovverk med reglar for klagehandsaming, krav til politiattest og skikkavurdering, samt at studentane sine rettar skal vere meir like andre studentar sine rettar. Det skal vere høge krav til ein fagskule i høve til sakshandsaming

og oppfølging av studentars velferd og rettar slik som ved høgskular og universitet. Likevel er styret bekymra for at den statlege finansieringa av fagskuletilbodet ikkje veks i takt med auke i administrative oppgåver ved fagskulane. Fagskulesektoren (dei offentlege) har dei siste 10 åra gjennomgått ei stor utvikling frå å vere utdanningsinstitusjonar i stor grad organisert som og ved ein vidaregåande skule i høve til administrasjon, til utdanningsinstitusjonar med likare krav og føresetnader som ein høgskule. Dette er ei ønskt utvikling, men stiller også høgare krav til administrativ kapasitet og kompetanse ved ein fagskule som finansieringa må dekkje. Når formålet med ny fagskulelov med forskrifter er å styrke studentane sine rettar og heve kvalitet må ein også sørge for at fagskulane har ressursar til å følgje opp både kvalitetsheving, god sakshandsaming og vidare vekst og utvikling.